



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato:
20.10.2021

Vår ref:
2021/13964

Dykkar dato:
01.10.2021


Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 43/6 - Natås - naust / båtgarasje - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 01.10.2021. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet, vedkomande byggiegrense mot sjø og føresegn 3.1.9 i kommuneplan vedkomande øvre grense på naust på 40 m^2 BRA.

Det går fram av søknad at det søkjast om eit dobbelt naust på om lag 181 m^2 . Det ein naustet skal brukst til utstyr, medan det andre er ei båtgarasje der båten kan køyrast inn.





Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsyna bak føresegna det dispenserast frå, omsyna i lovas formålsføresegn eller nasjonale eller regionale interesser ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane vere klart større enn ulempene jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Tiltaket treng dispensasjon frå både LNF-formålet og byggeforbodet i strandsona. I tillegg er tiltaket vesentleg større enn det kommuneplanen opnar for i områder for LNF-spreidd naust. I 100-metersbeltet langs sjø skal det alltid takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. pbl. § 1.8 fyste ledd. Strandsona skal generelt haldast open og privatisering og nedbygging skal unngåast. Forboden i § 1-8 andre ledd skal vege tungt. Eventuelle avvik frå dette forboden skal som hovudregel skje gjennom ordinær planlegging, ikkje som dispensasjon, jf. Ot.prp.nr 32 (2007-08)

Området der ein søker å oppføre bygget ligg mellom to eksisterande naust og ein landbruksveg. Bortsett frå dette er det få tiltak i området. Sjølv om det ligg nokre tiltak i området er ikkje dette eit naturleg område å fortette i. Ytterlege tiltak i strandsona vil auke både privatiseringa av område og landskapet vil få eit meir bygd preg.

Vi viser til Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø. Tidlegare Lindås kommune ligg i sone to i desse retningslinjene, og i desse områda skal eventuell fortetting i eksisterande områder vere godkjent i oppdatert kommuneplan og reguleringsplan, og skal ikkje vere i strid med retningslinjene elles. Uavhengig av kva sone ein kommune ligg i, skal avklaring av arealbruk i strandsona skje gjennom planlegging, og ikkje gjennom enkeltvise dispensasjoner jf. § 6 i retningslinjene.

I tillegg vil dobbelnaustet vere vesentleg større enn nausta i nærleiken og det ein kan forvente å få bygge i kommunen elles. Vi vurderer at det omsøkte dobbelnaustet vil vere dominerande i landskapet og det vil vere naudsynt med omfattande terrenginngrep for at ein kan køyre båten inn i båtgarasjen. I Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø står det mellom anna at ein skal unngå terrenginngrep på areal som har betydning for natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Vi vurderer at faren for å uthole kommuneplanen som styringsverktøy er stor i denne saka. Grunngjevinga kan gjera seg gjeldande i mange liknande saker og tiltaket er i strid med både formål i kommuneplanen, strandsoneforvaltninga og storleik for naust.

Statsforvaltaren i Vestland rår ifrå dispensasjon i denne saka.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN